



Kommunane i planområdet

Dato: 18.09.2015
Vår ref.: 2014/1180-42
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.: «REF»

Offentleg høyring - Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - Utsett frist

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok i juni å sende forslag til *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* på høyring. Fristen vart sett til 1. oktober. Planen omfattar kommunane Bergen, Radøy, Meland, Lindås, Askøy, Fjell, Øygarden, Sund, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Os.

Nokre kommunar har meldt at det er utfordrande å nå fristen 1. oktober, mellom anna på grunn av kommunevalet 2015. Fylkeskommunen ser at det kan vere ei utfordring å rekkje fristen dersom kommunane ønskjer å få til politisk handsaming i dei nye kommunestyra. På denne bakgrunn kan dei kommunane som har behov for det få utsett frist til 1. desember.

Fint om dei kommunane dette gjeld sender ein e-post til: hans-christian.engum@hfk.no.

Marit Rødseth
Plansjef

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.